
Saksnr: 2021/2445-2
Saksbehandlar Brita Bøyum
Dato: 27.01.2021

Til: Hovudutval opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Fylkeskommunal vikarteneste innan opplæring

Fylkestinget vedtok 15. desember 2020, i sak 137/20 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20, verbalpunkt 6 følgjande:

«Offentleg sektor på ulikt nivå har gode erfaringar med å drifta vikarteneste i eigen regi. Det kan ha gode effektar for fylkeskommunen, både med omsyn til kvalitet og kostnader. I tillegg bidreg det til meir tryggleik og forutsigbarheit for den enkelte arbeidstakaren. Fylkestinget ber om ei sak om fylkeskommunal vikarteneste innan opplæring og eigedom. Fylkestinget legg til grunn at dette er mest aktuelt i Bergensområdet, men ber om at ein også ser på moglegheiter i andre delar av fylket.»

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse har fått i oppdrag av fylkesrådmannen å sjå på vikarteneste innan opplæringssektoren.

Fylkesdirektøren oppfattar oppdraget til i hovudsak å dreie seg om kortidsvikariat. I sektoren er det dei vidaregåande skulane som har dette vikarbehovet. Vikarbruken er retta mot å gje elevane eit tilbod når pedagog eller miljøfagarbeidar er fråverande.

For å finne ut om eit vikarpool kan ha positiv effekt på kvalitet og kostnader, vil fylkesdirektøren først gjere ei undersøking av bruken vikarar i dei vidaregåande skulane i dag, for å sjå om skulane har utfordringar som kan løysast betre ved oppretting av vikarpool.

Undersøkinga vil også sjå nærare på omfang og praksis kring vikararbeidet ved skulane. Vi vil lage oss ei oversikt over behova i ulike delar av fylket, for å vurdere om vikarpool kan vere meir aktuelt til dømes i Bergensområdet enn i andre delar av fylket. Som ein del av kartlegginga vil fylkesdirektøren ta kontakt med andre fylkeskommunar for å sjå på korleis dei organiserer vikartenester for pedagogar og miljøfagarbeidarar.

I 2021 tek dei vidaregåande skulane i Vestland i bruk det nye skuleadministrative systemet VIS. VIS skal nyttast til å planlegge skuleåret. I VIS er det også tilrettelagt for handtering av vikarbruk. Skulane får full oversikt over eventuell undertid blant pedagogar, og oversyn over undervisningskompetansen. VIS vil ved vikarbehov gje skulane eit oversyn over ledige aktuelle pedagogressursar. På denne måten vil vi kunne kanalisere inn vikarressursar utan ekstrakostnader.

Fylkesdirektøren vil lage ei arbeidsgruppe bestående avdeling for opplæring og kompetanse, representantar frå skulane og tillitsvalde.

Fylkesdirektøren vil leggje fram saka for politisk handsaming hausten 2021.